



Reidar og Kristian startar allsongen

**Kvifor importera trubadurar utanfrå når Uskedalen er sjølvhjulpne også på dette feltet?  
Det er grunn til å stilla spørsmålet etter eit særst vellukka innslag i den faste tysdagsopninga i Tlaren. Der leia Reidar Myklebust og Kristian Olav Bringedal allsongen og sette ein skikkeleg spiss på møtet.  
- Gjer det meir, var omkvedet etterpå.**



[Pianoet frå Kjærland gjorde teneste](#)

Dei to hadde til og med to avdelingar - både klokka 12 og 13 - og repertoaret var tildels fornya i avdeling nummer 2! Songane var kjende og kjære - frå No kjem ein vals til Dei skal alltid klaga og kyta.

Sande var ikkje til å komma utanom denne gongen heller - Morgon på kobbeskjæret har snart status som ein nasjonalsong her vest! Mange syntes også det var triveleg å syngja Solfest av Tvedt att.


Musikken sørga Reidar og Kristian for sjølve, på gitar, trekkspel og piano. Ikkje minst er det fint at pianoet som er ei gåve frå Kjærland blir nytta, men det bør vel snart stemmast?

-Vi er frivillige som ferierar og kjeder oss litt, erklærte Kristian før dei to sette igong.

Frammøtet denne tysdagen var kva ein kan kalla midt på treet.-

37 voksne og 2 born.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen.



Nesten ein nasjonalsong...